

Smale tale

Eller korleis snakke om noko ein ikkje har greie på

Intervensjon på veitsla åt Smalahovefelaget i Noreg

Rodelykkja samfunnshus 16. november 2024

Det som nå følgjer er ikkje “work in progress”, men “work in regress”. Heng derfor på, for eg skal i denne talen gå attende til det heilt basalt grunnleggjande overflatiske!

A. Konkret skal det handle om to grunnlagsproblem:

- **For det første;** korleis snakke om noko ein ikkje har greie på: Dvs. sau/smale. For eg driv just ikkje med sau, men med storfe, potet og stort sett alt mogleg anna enn sau. Eg har altså meir hjartelag for potet enn for sau - eit hjartelag som forresten nesten førte til utkasting frå dette gildet for ein 20 – 30 års tid sidan.
- **For det andre** skal det handle om det store eksistensielle spørsmålet for oss hovudslafsarar: Føreset at ein kan snakke om noko ein ikkje har greie på, korleis kan vi da vite at dette eg ikkje har greie på eigentleg ikkje er anna enn innbiling? Altså finst eigentleg sauven/smalen, og i bokstavleg forstand i forlenginga av dette: Finst ikkje smalen, så finst heller ikkje smalahove!

B. Til det første - korleis snakke om noko ein ikkje har greie på? Eg kjem i farten på tre tilnærmingar til dette spørsmålet:

- **Tilnærming 1:** Spør KI – Chat GPD! Mat inn stikkorda vankunne, sau, smalahove, talekunst, kommunikasjonsrådgjevar, Donald Trump, tomskalle, fylkesordførar Thomas Breen, 24-timars medlemskap i partiet Konservativt, beina lyser avskrap for skinn, Innlandet fylkeskommune og Skjåk.

Ikkje gløyme Skjåk - som skulestriden i Innlandet nå har ført til at til og med riksmidia nå greier å stove rett. Altså ikkje Sjøk, men Skjåk. Det kan med andre ord gå framover sjølv om det går nedover.

Kva kan vi få ut av dette? Ikkje godt å seie anna enn at KI er eit høgst risikabelt prosjekt, for vi kan jo i verste fall ende opp med ein master i “kommunikasjon og kunnskapsledelse” frå Nord Universitetet. Tru om ein slik master vil vere til stor hjelp når ein skal gjete Tulla som er krulla i ulla, dersom og særleg dersom:

Og så kom skrubben laskande fram,
då fekk eg kjøpmann til Tulla,
og akkederinga var «kje lang,
og pengan'vert kje mange

- **Tilnærming 2:** Følg Aa. O. Vinje og vend attende til antikken, og gå vidare i fotefara til slike karar som Gorgias og Protagoras, eller Aspasia – frilla hans Perikles og læraren hans Sokrates. Førstnemnde - Gorgias - skal visstnok ha sagt noko slikt som at han når som helst, kvar som helst kunne tale om kva som helst. Hørde eg nokon sa at Chat-GPD er eit nytt påfunn?

Det kan jo gå bra dette, for Gorgias skal ha snakka seg fram til ein levealder på heile 108 år. Like lenge var heldigvis ikkje Bård Hoksrud landbruks- og matminister hos Erna Solberg, men han greidde seg han også på sitt vis, utan å vite kor mange spenar det er på ei ku. Var det seks, eller var det kanskje sju?

Det tryggaste er nok likevel å halde seg til den retorikken som meiner at sakkunnskap er nødvendig for å tale sant, vakkert og godt. Men det er aldri ein fåfengt omveg å gå attende til antikken, så derfor:

- **Tilnærming 3:** Når du er i beit for svar, slå opp i Asgaut Steinnes og Eirik Vandviks Latinsk ordbok, Det norske Samlaget, tredje utgåva 1989. Der, på side 560 andre spalte, finn vi oppslagsordet *pecus* omsett til småfe. Da særleg nytta om sau, men også brukt om matnyttige husdyr ålment, medrekna storfe og gris. Frå *pecus* har vi elles avleiinga *pecunia* som tyder pengar, eigedom og velstand. Altså det som har med det pekuniære å gjere. Tenk over det – smale som pengar - smalepengar! Nå snakkar vi verkeleg, og eg har fått ulldotten i handa som trengst for å ro dette i land. For nå kan endeleg den kasuistiske trianguleringa ta til som gjev fast grunn under det eg har å seie.

Norrønfilologen Tormod Stauri, som held hus i OL-byen - kanskje snart “zombie-universitetsbyen?” - Velthåmår, opplyste meg for nokre dagar sidan om at paradigme på islandsk heiter læresoge. Dermed blir neste utmaning kva eg kan kommunisere om sau ut frå paradigmet eller læresoga ku. Som eg altså meiner å ha noko greie på. Her fører to vegar beint fram til målet; den naturlege og den kulturhistoriske.

Den naturlege vegen er mest endefram, for her dreg vi kort og greitt synberre analogiar mellom læredømet ku og granskingsemnet sau. Vi kan slå fast at begge er drøvtyggarar med fire magar; vomma, nettmagen, bladmagen og løypemagen. Begge er pattedyr med spenar – eg veit at kua har fire, medan søya til liks med geita og kvinna berre har to. Det som på bloggerbokmål helst går under benevnelsen pupper.

Som forbrukarar flest reagerer begge – kua og søya - på det økonomane kallar insentiv. Gå som ein influensar føre med brekelydar, kraftfôrbøtta eller saltposen, så kjem i alle fall tamdyra luntande etter. Skal ein få med seg villdyr, einstøingar, vrangpeisar og dei som står i skårfeste, lyt ein i tillegg skjere seg ein svolk eller krøkje seg ein hyrdestav. Vidare har både kua og søya, stuten og vêren berre eitt hovud. Høvesvis fehovud og smalahove.

Nok om naturen, nå fram til kulturen og den andre vegen til målet om å snakke bevegende, belærende og behagende om sauene/smalen.

Skjåk og det pekuniære er alt nemnt. Og her er det eit tett samband vi må forstå heilt bokstavigleg. I svinebygda Skjåk er det framleis slik at småfeskinns og storfehudar er gjengs mål på økonomisk verdi og velstand. Langt størare verdimål dette, enn all verdas Bitcoin, Ethherum, Monero, digital løyse og knarkpengevaluta og all annan kraftslukande kryptoskit!

Til vitende går det 12 skinn på ei hud, og eigarpartane i Skjåk almenning blir den dag i dag rekna i desse ultimative einingane ut frå matrikkelen anno 1798. Det var da gardmennene kjøpte allmenningen frå den siste private eigaren, kammerherre, plankeadelsmann med meir på Frogner hovedgård her i byen, Bernt Anker. Bror hans Peder, sat forresten på Bogstad, åtte Nordmarksgodset og stod for industrieventyret kjerraten i Åsa.

Kjøpet frå Anker gjev framleis år for år pecunia på konto hos oss skjåkværar som sit på gamle skyldsette gardsbruk. Med andre ord god gammaldags føydal logikk i alt dette. Hudar og skinn som verdimål går attende bakom landslova som vi feirar i år, og sjølve ordet føydal kjem visstnok frå mellomalderlatinsk feudalis, som er i slekt vårt norske fe. Kjelda her er Det norske akademis ordbok (NAOB) – understøtt sigersvêr - tilgjev oss syndene våre og bevar oss vel!

- C. **Det var første omkvarvet.** Men kva med det andre grunnlagsproblemet eg varsla da eg la i veg: Heng første omkvarvet i lause lufta, eller ligg det syller og grunnmur under? Eller brått, eksistensielt og brutalt uttrykt: Finst, eksisterer verkeleg, smalen og dermed smalahove? La oss derfor i framhaldet lodde dei

verkeleg store djup, ned til minst 70 tusen famnar slik dansken Søren Kierkegaard prøvde på.

I målarkunsten blir pastisj brukt om etterlikning av gamle målarstykke. Frå same betraktning kan eg nå parafrasere onto-teologien som nådde høgdepunktet med den heilage Thomas frå Aquino. Vi held oss såleis framleis i høg mellomalderen, og eg skal nå seie fram tre bevis for sauens eksistens. Dette er dessutan det næraste eg i denne samanhengen kjem Agnus Dei, Guds lam. Jula kjem trass i alt før påska, slik liv kjem før daude.

- **Første bevis** blir kalla det kosmologiske og går slik: Alle sauer har ei årsak som opphav. Tulla kunne ikkje ha funnest med mindre det før hadde funnest minst ei søye og ein vêr. Sjølve høgsongen her vitnar om dette, for vi veit alle her at i lengda er det å para seg det som svarar seg. Held vi på slik, altså parar baklengs, får vi ein regress attende til at det må ha funnest ein første sau som er første årsak til alle seinare sauer. Men dette er skral logikk av minst to grunnar. Vi kan for det første ikkje slutte frå at alle sauer har ein vêr til far til at det finst *ein* vêr som er far til alle sauer. For det andre er dette beviset ein klassisk *petitio principii*, for konklusjonen vi skal føre prov for ligg allereie innbakt i premissane.
- **Andre bevis** ut er det såkalla teleologiske beviset for sauens eksistens: Hu hei kor er det vel friskt og lett oppå fjellet! Men, korleis kan det vere slik harmonisk, friskt og lett, med brekande søyer og lam der oppå fjellet, dersom det ikkje ligg ein målretta og djupast sett meiningsfull heilskap til grunn for denne idyllen? Men, men, ipso facto, er det verkeleg i røynda snakk om eit smale-paradis der oppå fjellet? Jamfør den alt nemnde skrubben, er det vanskeleg å tru på at det ligg ein fullkomen metafysisk master i kommunikasjon og relasjons-ledelse under tilhøvet mellom Tulla, skrubben, jerven og alvelden. Nå kan det sjølvstøtt vere slik at det vonde må til for at både Tulla - og alle oss andre - skal sjå og ta innover oss det gode. Men lell da

- La oss derfor til sist bere fram **det tredje beviset** for sauens eksistens. Dette er sjølve juvelen i beviskrona; det ontologiske saueprovet. Tenk over dette godtfolk: Vi hovudslafsarar har alle ein lysande og klår ide om det fullkomne smalahove, lekkert dandert omgjeve av rabbe og mandel- nei, nei, ringerikspotet. Men, tenk vidare, korleis kan det vere mogleg for noko å vere fullkome dersom det ikkje faktisk eksisterer? Er ikkje eksistens ein nødvendig eigenskap ved det som er fullkome? Er det ikkje utenkjeleg at noko kan vere fullkome utan å finnast? Ergo eksisterer altså smalahove, og utan smalahove ingen smale eller sau. Vi ser her bort frå moglege fantasifoster som kentaurar, sfinksar og GMO-modifiserte monsterkyr og skrubbar med sauehovud.

Er det ontologiske beviset eit knock down prov for sauens eksistens? Jamvel om eit av dei aller skarpaste mannehovuda i det 20ande hundreåret, den eksentriske logikaren Kurt Gödel, hadde hang til å meine det, er det ontologiske beviset kraftig demolert av andre store tenkjarar i vår kulturkrins, som Immanuel Kant og Bertrand Russel.

For at denne smale-talen ikkje skal drage ut i det uendelege og heller gå mot ein snarleg slutt, hoppar eg derfor nå like godt fram til Russel og vår eiga tid. I strevet med å bevise smalens eksistens. Den truleg nest mest dissekerte påstanden innanfor analytisk filosofi er nettopp Russels utsegn “Katta ligg på matta”. (Den mest analyserte påstanden må vere Alfred Tarskis “ ‘Snø er kvit’, dersom og berre dersom snø er kvit.”).

Med Russel kan vi slå fast at påstanden “Katta ligg på matta” er sann dersom og berre dersom det ligg føre ei kjensgjerning, slik at det finst ei katta og det finst ei matte som stettar relasjonen/predikatet ligg på, slik at denne katta faktisk ligg denne på matta i minst ein mogleg verden. Sameleis kan vi seie at påstanden “Lammet står i brika” er

sann, dersom og berre dersom kjennsgjeringa at lammet står i brika finn stad i minst ein mogleg verden.

Held vi vidare fast ved ein beskjeden rest-essensialisme og hevdar at hovudlaus sau er ein uting, er vi med hjelp av britisk erfaringsbasert snusfornuft tett på eit synbert bevis for sauens eksistens. Smalahovet ligg jo der og skvalpar i akevitt og restar av nansen- eller asterixpotet rett framføre nasen på oss!

Klårt nok til å vere falskt alt dette, men likevel ikkje djupt nok tenkt vil nå dei såkalla kontinentale filosofane skrike ut. Å bedrive språkanalytisk putleri er å oversjå det skakande faktum at når vi breker ned i avgrunnen, så breker dei avskrapte smaleskallane frå avgrunnen tilbake mot oss! For å herme Nietzsche. Eller med Wittgenstein, det vi ikkje kan tale om må vi nøye oss med å breke om.

Men fatt håp og rett ryggen gode slafselyd, for Heidegger både før og etter dei Svarte hefta gjekk aldri lei av å gje grunnar for at "språket er vêrens hus". Tenk over det ein gong til; språket er vêrens hus! Slik som dei enkelte vêrane eller formene trer fram i choraen hos Platons Timeaus, hevdar Heidegger at vêrane som såvorne er målborne av språket, og at dette ligg til grunn for at vi kan sannkjenne og sannsmake dei enkelte vêrlamma og smalehova. Minst like dult som djupt dette, kan ikkje vere tvil om det!

D. Det er langt på overtid for endeleg å samanfatte, runde av og konkludere denne stunda med, håpar eg, rimeleg kompetent tullprat. Kommunikasjon betyr å gjere sams. Å tale er slik sett å dele, og det å dele er danne sams oppfatningar av tilhøva og lagnaden vi er ein del av. Sams oppfatningar og forståing er vidare vilkår for handling og leiing mot rikare mål og trå. Det er ikkje tullprat.

Preikaren i gamle testamentet mæler at det ikkje er noko nytt under soli. Alt allereie er gammalt, gjentakande, ideleg fåfeng og jag etter vind. Men han

forkynner også at vi skal njota vår lut som best vi kan, gjerne slik som her med mat og drykk i godt lag. Det er heller ikkje tullprat.

Så la meg til slutt samanfatte alt dette vidløftige i ein enkel sats som helst er tullprat, men som gamle Karl Heinrich Marx nok kunne skåla til dersom han hadde vore med oss i kveld: Dersom smalen/sauen er basis, så er Smalahovefelaget i Noreg overbygningen!